



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsstyret
Møtestad: Voldsfjorden 1. etg., Rådhuset
Dato: 30.08.2016
Tid: 15:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Lina Marie Bjørkedal	SP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Heltne	Fagansvarleg plan
Roger Nedreklepp	Fagansvarleg skog og vilt, sak PS 65/16

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 58/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 59/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 65/16	Tildeling av fellingsløyve til vald nr. 0015 Steinsvik og Vassbakke - klage på vedtak

- PS 60/16 **Planid 1994004-02 dispensasjon frå kommuneplan frådeling av tilleggsareal for bustad på Månaneset gbr 54/2**
- PS 61/16 **Gnr. 18, bnr. 285 - søknad om dispensasjon frå utnyttingsgrad for oppføring av tomannsbustad. Klage på vedtak i Forvaltningsstyret sak 52/16**
- PS 62/16 **Gbr 6/25 og 26 - vorpirar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar Klage på vedtak i Forvaltningsstyret**
- PS 63/16 **Gbr 30/421 og 30/427 Oppføring av ROP-bustader på regulert tomt på Rotset.Dispensasjon frå plan- og bygningslova og reguleringsplan for Næringsområdet øvre Rotset**
- PS 64/16 **Gbr 131/23 Dispensasjon frå høgdekravet i reguleringsplan for Steinsvik**
- PS 66/16 **ORIENTERINGSSAKER**
- OS 2/16 **Planid 200700-01 - Volda Fergekai- RV 651. Dispensasjon frå reguleringsplan. Forvaltningsstyret sak PS 86/15 - 8.12.2015**
- OS 3/16 **Fylkesmannen - vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova - gnr2 bnr 105 - klagarar: Alice Bjerknes og Astrid Roseth**
- OS 4/16 **Fylkesmannen - vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova, gbr 131/7 - utfylling i sjø og etablering av flytebrygge - tiltakshavar: Sindre Kvangarsnes, klagar: Jon M. Steinsvik**
- OS 5/16 **Settefylkesmann - klage etter tillatelse - dispensasjon fra kommunedelplan og plan- og bygningsloven § 1-8 - oppføring av/molo - Volda 160/3 - Fylkesmannen omgjør kommunens vedtak og søknaden om dispensasjon avslås**

PS 58/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til innkalling og sakliste.

Møtetidspunktet

Åshild Vik kom med framlegg om å endre møtetidspunktet til kl. 13:00. Etter ein del drøfting var det semje om at møtetidspunktet skulle vere kl. 13:00 frå neste møte.

PS 59/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå siste møte den 14.06.16 vart samrøystes godkjent.

PS 65/16 Tildeling av fellingsløyve til vald nr. 0015 Steinsvik og Vassbakke - klage på vedtak

Handsaming:

Epost av 26.08.16 frå Ola Steinsvik vart utdelt på møtet.

Det vart gjort fylgjande redaksjonell endring i tilrådinga:

Forvaltningsstyret viser til vedtak i sak 37/16 frå 10. mai 2016 om fellingsløyve på 12 dyr til hjortevald 015 Steinsvik og Vassbakke.

Kommunen vil imøtekome klaga delvis og auke kvota frå 12 til 13 dyr.

Ny kvote vert då 4 kalvar, 4 vaksne koller, 4 spissbukk og 1 vaksen bukk.

Tildeling er gjort med heimel etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 30.08.2016

Forvaltningsstyret viser til vedtak i sak 37/16 frå 10. mai 2016 om fellingsløyve på 12 dyr til hjortevald 015 Steinsvik og Vassbakke.

Kommunen vil imøtekome klaga delvis og auke kvota frå 12 til 13 dyr.

Ny kvote vert då 4 kalvar, 4 vaksne koller, 4 spissbukk og 1 vaksen bukk.

Tildeling er gjort med heimel etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret viser til vedtak i sak 37/16 frå 10. mai 2016 om fellingsløyve på 12 dyr til hjortevald 015 Steinsvik og Vassbakke.

Kommunen vil imøtekome klaga delvis og auke kvota frå 12 til 13 dyr.

Ny kvote vert då 4 kalvar, 3 vaksne koller, 4 spissbukk og 2 vaksen bukk.

Tildeling er gjort med heimel etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

PS 60/16 Planid 1994004-02 dispensasjon frå kommuneplan frådeling av tilleggsareal for bustad på Månaneset gbr 54/2**Handsaming:**

Sindre Kvangarsnes, Frp, kom med fylgjande alternativt framlegg til tilrådinga:

- 1. Forvaltningsstyret viser til Pbl § 1-8: «i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser».*
Omsøkte areal har ein verdi som ikkje tilseier at slikt særleg omsyn bør takast og søknad om dispensasjon frå kommuneplan for tilleggsareal til bustadtomt i strandsona på Kalvatn vert difor innvilga.
- 2. Forvaltningsstyret viser til tidlegare vedtak i sak om dispensasjon og deling av grunn ved oppretting av bustadeigedomen gbr 54/7 på Månaneset. På bakgrunn av at det har oppstått ei mistyding under oppmålingsforretninga knytt til bustadtomta, der grunn til naust ikkje vart målt inn slik godkjent i forvaltningssyre-sak 76/13, skal oppmåling og samanføyning av dette arealet til bustadtomta gjennomførast utan kostnader for søkjar.*

Prøverøysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Sindre Kvangarsnes, fekk Kvangarsnes sitt framlegg ni røyster. Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Sindre Kvangarsnes, fekk Kvangarsnes sitt framlegg ni røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster og fall.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 30.08.2016

- 1. Forvaltningsstyret viser til Pbl § 1-8: «i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser».*
Omsøkte areal har ein verdi som ikkje tilseier at slikt særleg omsyn bør takast og søknad om dispensasjon frå kommuneplan for tilleggsareal til bustadtomt i strandsona på Kalvatn vert difor innvilga.

2. *Forvaltningsstyret viser til tidlegare vedtak i sak om dispensasjon og deling av grunn ved oppretting av bustadeigedomen gbr 54/7 på Månaneset. På bakgrunn av at det har oppstått ei mistyding under oppmålingsforretninga knytt til bustadtomta, der grunn til naust ikkje vart målt inn slik godkjent i forvaltningssyre-sak 76/13, skal oppmåling og samanføyning av dette arealet til bustadtomta gjennomførast utan kostnader for søkjar.*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Forvaltningsstyret viser til Pbl § 1-8: «i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser».*
Omsøkte areal har ein verdi som tilseier at slikt særleg omsyn bør takast og søknad om dispensasjon frå kommuneplan for tilleggsareal til bustadtomt i strandsona på Kalvatn vert difor avslått, jf Pbl §19-2.
2. *Forvaltningsstyret viser til tidlegare vedtak i sak om dispensasjon og deling av grunn ved oppretting av bustadeigedomen gbr 54/7 på Månaneset. På bakgrunn av at det har oppstått ei mistyding under oppmålingsforretninga knytt til bustadtomta, der grunn til naust ikkje vart målt inn slik godkjent i forvaltningssyre-sak 76/13, skal oppmåling og samanføyning av dette arealet til bustadtomta gjennomførast utan kostnader for søkjar.*

PS 61/16 Gnr. 18, bnr. 285 - søknad om dispensasjon frå utnyttingsgrad for oppføring av tomannsbustad. Klage på vedtak i Forvaltningsstyret sak 52/16

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 30.08.2016

Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å ta klagen frå Norhus Ørsta AS til følge. Styret kan ikkje sjå at det har kome fram nye moment i saka og opprettheld vedtaket sak 52/16 av 14.6.2016.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å ta klagen frå Norhus Ørsta AS til følge. Styret kan ikkje sjå at det har kome fram nye moment i saka og opprettheld vedtaket sak 52/16 av 14.6.2016.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 62/16 Gbr 6/25 og 26 - vorpirar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar Klage på vedtak i Forvaltningsstyret

Handsaming:

Det vart halde synfaring i saka.

Magnar Sunde reiste spørsmål om han var ugild, då han bur i området av det omsøkte tiltaket. K.l. § 40, jf fv. § 6, 2. ledd.

Han tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Øyvind Festø tok sete som møteleiar.

Røysting vedk. ugildskap:

Magnar Sunde vart samrøystes kjend gild. Han tok sete som møteleiar.

Sindre Kvangarsnes, Frp, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Forvaltningsstyret viser til klage på vedtak datert 10.05.2016. Forvaltningsstyret har etter synfaring komt fram til at det kan dispensrast frå reglane i pbl § 1-8, og gir løyve til det omsøkte tiltaket.

Forvaltningsstyret vurderer det slik at omsyna bak PBL § 1-8 ikkje vert vesentleg tilsidesett ved å gi dispensasjon. Det er ingen ulemper ved tiltaket, korkje for grannar eller miljø, og naboar har samtykka til tiltaket. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Ein kan merke seg at begrepet friluftsliv er nytta som ein faktor som skal vurderast ved utbyggingar i strandsona. Tiltakshavar ynskjer å utvikle delar av eigedom/strandlinja på ein måte som fremjar eit aktivt friluftsliv og båtliv, og dette må etter vårt syn vere eit positivt bidrag til aktivitet i strandsona. Då Voldsfjorden ofte er utsett for tung sjø og høge bølger, er det vanskeleg å ha småbåtar liggande i utfar med landtau. Ved etablering av vor og kai/flytebrygger, vil ein skape ein mykje betre situasjon for utlegging og bruk av småbåtar. Dette vil fremje ein aktiv bruk av strandsona og vil heve kvalitetane i friluftslivet/båtlivet. Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naustmiljø som sikrar ein vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv for dei som er knytt til strandsona på ein god måte. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og dei omsøkte tiltaka vil vere positive for bygda.

Ut frå vurderinga over finn ein at dei omsøkte tiltaka klart vil ha større fordelar enn ulemper. Det er ikkje registreringar i naturbasen eller artskart om verdifulle naturtypar eller artar i området som kan verte påverka av tiltaket. Sjølv om det ikkje er gjennomført konkrete

undersøkingar av naturmangfaldet i området er det lite sannsynleg med alvorleg negative konsekvensar for naturmangfaldet.

Åshild Vik, SV, kom med fylgjande framlegg som tillegg til administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å kome tilbake med ein ny søknad som tek utgangspunkt i det som er påpeika i saka.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Sindre Kvangarsnes, fekk tilrådinga frå administrasjonen åtte røyster og vart vedteke. Kvangarsnes sitt framlegg fekk ei røyst (Kvangarsnes).

Framlegget frå Åshild Vik vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 30.08.2016

Forvaltningsstyret finn ikkje at moment i klaga, eller gjennomført synfaring knytt til handsaming av klage, har tilført saka nye moment som gir grunn til endra haldning til saka.

Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16.

Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å kome tilbake med ein ny søknad som tek utgangspunkt i det som er påpeika i saka.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje at moment i klaga, eller gjennomført synfaring knytt til handsaming av klage, har tilført saka nye moment som gir grunn til endra haldning til saka. Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16.

PS 63/16 Gbr 30/421 og 30/427 Oppføring av ROP-bustader på regulert tomt på Rotset. Dispensasjon frå plan- og bygningslova og reguleringsplan for Næringsområdet øvre Rotset

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteke. Ein røysta mot (Fylling).

Vedtak i Forvaltningsstyret - 30.08.2016

- 1. Forvaltningsstyret viser til grunngeving i søknad og gir fylgjande dispensasjonar frå reguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde, planID 2012008, for utbygging av omsorgsbustader på område IN:*
 - redusert byggegrense for buder på området til 1.3 m mot buffersone i nord.
 - redusert byggegrense for buder på området til 11.5 m mot aust -E39.
 - tal opparbeidde p-plassar vert redusert frå 1.5 til 1.0 pr bustad. Av desse skal min 2 ha storleik/utforming som HK-plass. I situasjonsplan skal det også visast eventuelt framtidig utvidingsareal til full parkeringsdekning med 1.5 plass pr. bustad.
- 2. Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-3 mellombels dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §18-1 for oppføring av omsorgsbustader på område IN med mellombels køyretilkomst frå Myravegen/parkeringsplassen ved Leirhaugen. Dispensasjon vert gitt på fylgjande vilkår:*
 - Løyvet er mellombels og bruken skal opphøyre straks ny tilkomstveg etter plan er ferdig, og seinast innan 30.06.2019.
 - etablert tilkomst skal då straks tilbakeførast til gangvegstandard/breidde og skiltast/stengjast for køyring.
- 3. Forvaltningsstyret føreset at eksisterande veg inn i planlagt vegetasjonssone vert fjerna og arealet vert rydda og tilstelt i samband med utbygginga på område IN.*

Forvaltningsstyret ber om at det i samband med slik opparbeiding vert vurdert å nytte overskotsmasse for heving av terrenget i regulert vegetasjonsareal VS2 og friområdet F4 i planområdet Øvre Rotset 1, for betre skjerming mellom planlagt utbyggingsområde, gangveg og eksisterande bebyggelse/leikeplass.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsstyret viser til grunngeving i søknad og gir fylgjande dispensasjonar frå reguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde, planID 2012008, for utbygging av omsorgsbustader på område IN:*
 - redusert byggegrense for buder på området til 1.3 m mot buffersone i nord.
 - redusert byggegrense for buder på området til 11.5 m mot aust -E39.
 - tal opparbeidde p-plassar vert redusert frå 1.5 til 1.0 pr bustad. Av desse skal min 2 ha storleik/utforming som HK-plass. I situasjonsplan skal det også visast eventuelt framtidig utvidingsareal til full parkeringsdekning med 1.5 plass pr. bustad.
- 2. Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-3 mellombels dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §18-1 for oppføring av omsorgsbustader på område IN med mellombels køyretilkomst frå Myravegen/parkeringsplassen ved Leirhaugen. Dispensasjon vert gitt på fylgjande vilkår:*
 - Løyvet er mellombels og bruken skal opphøyre straks ny tilkomstveg etter plan er ferdig, og seinast innan 30.06.2019.

- etablert tilkomst skal då straks tilbakeførast til gangvegstandard/breidde og skiltast/stengjast for køyring.
3. Forvaltningsstyret føreset at eksisterande veg inn i planlagt vegetasjonssone vert fjerna og arealet vert rydda og tilstelt i samband med utbygginga på område IN.

Forvaltningsstyret ber om at det i samband med slik opparbeiding vert vurdert å nytte overskotsmasse for heving av terrenget i regulert vegetasjonsareal VS2 og friområdet F4 i planområdet Øvre Rotset 1, for betre skjerming mellom planlagt utbyggingsområde, gangveg og eksisterande bebyggelse/leikeplass.

PS 64/16 Gbr 131/23 Dispensasjon frå høgdekravet i reguleringsplan for Steinsvik

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 30.08.2016

Forvaltningsstyret finn ikkje at omsøkte tiltak i vesentleg grad er i konflikt med omsyna bak vedtektene det vert dispensert frå, eller at omsyna i planen sitt formål vert vesentleg sett til side.

Forvaltningsstyret finn at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene (jf. Pbl. § 19-2), og gir med grunnlag i dette dispensasjon frå høgdekravet i reguleringsplanen for gjennomføring av omsøkt tiltak.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje at omsøkte tiltak i vesentleg grad er i konflikt med omsyna bak vedtektene det vert dispensert frå, eller at omsyna i planen sitt formål vert vesentleg sett til side.

Forvaltningsstyret finn at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene (jf. Pbl. § 19-2), og gir med grunnlag i dette dispensasjon frå høgdekravet i reguleringsplanen for gjennomføring av omsøkt tiltak.

PS 66/16 Orienteringssaker

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssakene.

Møtet slutt kl. 17:45.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
31.08.16

Unni Strand
sekr.